26) Problemstillingen(e) i prosjektet er bestemmende for valg av metode for innsamling av data. Eksempler på metoder som kan benyttes er: intervju, spørreskjema, observasjon, dokumentanalyse, statistiske analyser, regnskapsanalyse og systemanalyse. I den grad det er tjenlig, bør det benyttes flere metoder for innsamling av data.

27) I valg av metode må revisor sikre dataenes relevans (gyldighet, validitet) i forhold til problemstillingen(e). Datainnsamlingen må gjennomføres på en måte som sikrer dataenes pålitelighet (reliabilitet).

28) Revisor må innhente data i tilstrekkelig omfang til å kunne gjøre vurderinger og svare på problemstillingen(e).

29) Data innsamlet ved hjelp av intervjuer skal som hovedregel verifiseres.

30) Data som inneholder personopplysninger, må behandles i tråd med kravene i [personopplysningsloven](#).

Vurderinger og konklusjoner

31) Revisor må analysere de innsamlede dataene i forhold til revisjonskriteriene og vurdere om praksis eller tilstand er i tråd med kriteriene.

32) Revisors vurderinger må være objektive og logiske.

33) På bakgrunn av vurderinger av dataene opp mot kriteriene skal revisor konkludere i forhold til problemstillingen(e). Dersom revisor finner vesentlige avvik, skal dette komme tydelig til uttrykk i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Anbefalinger

34) Der det er hensiktsmessig bør revisor gi anbefalinger. **Anbefalinger må aldri formuleres som pålegg til administrasjonen. Revisor skal også være varsom med å foreslå detaljerte løsninger.**

Prosjektrapport

35) **Det skal skrives rapport fra hvert gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.**

36) Rapporten bør utformes så lesevennlig som mulig.

37) **Rapporten skal vise sammenheng mellom problemstillinger, revisjonskriterier, innsamlede data, vurderinger, konklusjoner og eventuelle anbefalinger.**

38) **Praksis eller tilstand innen det reviderte området må beskrives i et omfang som i tilstrekkelig grad underbygger revisors vurderinger og konklusjoner.**

39) **Det må gå klart fram hva som er presenterte data, og hva som er revisors vurderinger.**

40) **Rapporten skal inneholde:**

- **sammendrag**
- **bakgrunn for prosjektet/bestilling**
- **problemstilling(er)**
- **metode**
- **revisjonskriterier**
- **data**
- **vurderinger**
- **konklusjoner og eventuelle anbefalinger**
- **oversikt over sentrale dokumenter og litteratur**
- **administrasjonssjefens kommentarer**

41) Revisor kan selv vurdere omfanget og rekkefølgen av de enkelte delene i rapporten. Revisor kan utdype elementene i rapporten i vedlegg.

Dokumentasjon

42) **Forvaltningsrevisjon skal dokumenteres på en måte som er tilstrekkelig til å gi en totalforståelse av utførelsen av prosjektet, og til å underbygge revisors vurderinger og konklusjoner.**

43) **Forhold som tilsier at det kan foreligge misligheter eller feil, skal dokumenteres særskilt med angivelse av hva revisor har foretatt seg.**

44) **Dokumentasjon skal oppbevares i 10 år.** Det må vurderes om dokumentasjon også må oppbevares utover 10 år etter bestemmelsene i [arkivlov/-forskrift](#). For øvrig anbefales det å følge kravene i [ISA 230](#) *Revisjonsdokumentasjon* så langt de passer.

Kvalitetssikring og kvalitetskontroll

45) **Utføring av forvaltningsrevisjon skal kvalitetssikres.**

46) **Kvalitetssikring skal sikre at undersøkelsen og rapporten har nødvendig faglig og metodisk kvalitet. Videre må det sikres at det er konsistens mellom bestilling, problemstillinger, revisjonskriterier, data, vurderinger og konklusjoner.**

47) **Revisjonsenheten må dokumentere et system for kvalitetskontroll.** Det anbefales å følge kravene i [ISQC 1](#) *Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester* så langt det passer.



Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|---------------|-----------------|------------|
| PS 36/18 | Kontrollutvalet | 10.12.2018 |

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si tilråding:

Sekretariatet si tilråding

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:
.....
2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i møteprotokollen.
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77 nr. 4, og er utdjupa i Forskrift for kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kapittel 5.

Det følgjer av forskrifta § 9 første ledd:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.”

Plan for forvaltningsrevisjon viser innafor kva tema forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Kontrollutvalet i Aukra vedtok sin Plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2019 i møte 15.9.2016, sak 22/16.

Aukra kommunestyre gjorde endeleg vedtak 11.10.2016, K-sak 77/16 Overordna analyse-Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjons-prosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

VURDERING

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet brukar plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mogeleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen, i tråd med kommunestyret sine signal.

Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike saksforhold innan alle verksemdsområder i kommunen. Forvaltningsrevisjon er nyttig for utvalet si kontrollverksemd, for internkontrollen og for forbetningsarbeidet i kommunen. Ved bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt har kontrollutvalet stor innverknad på dei problemstillingar prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet drøfter grundig val av tema, føremål og problemstillingar for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ønskjer.

Følgjande tema er ut frå revisjonen si risiko- og vesentlegvurdering tatt med i plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

- Plan- og styringssystemet herunder
 - helhetlig planlegging og oppfølging
 - kvalitetssystem, internkontroll, avvikshåndtering
- Offentlige anskaffelser
- Etikk og åpenhetskultur (oppfølging av etiske retningslinjer)
- Barn og unge herunder
 - barnehageområdet
- Helse, omsorg og velferdstjeneste herunder
 - psykisk helse og rus
 - boligsosialt arbeid

Revisjonen skriv vidare at følgjande tema også kan være aktuell for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

- Omstillingsprosesser og prosjektstyring
- Brukermedvirkning
- Kompetanse og rekruttering herunder oppfølging av rekrutterings- og kompetanseplan innen områdene barnehage, helse, pleie og omsorg

I førre valperiode så vart det gjennomført følgjande forvaltningsrevisjonar:

- Informasjonssikkerhet (2015)
- Kvalitet i sykehjemstjenester (2014)
- Kvalitet i hjemmebaserte tjenester (2013)

Det første prosjektet som vart bestilt i denne perioden var «Aukra kommune offentlige anskaffelser.» Rapporten vart behandla i kontrollutvalet sitt møte 15.3.2018, sak 10/18 og endeleg i kommunestyret 17.4.2018 i k-sak 29/18 .

Det prosjektet som no skal bestillast, er det andre etter vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

I førre møte under sak 31/18 drøfta utvalet saker som kunne vere aktuelt som neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvalet kom med følgjande innspel:

personalleiing, barnehage og skole kan vere aktuelle områder som utvalet ønskjer vert vurdert i saksframlegget.

Sekretariatet har avgrensa saksframlegget til å beskrive dei tema som vert vurdert som dei største risikoområda og dei områda som utvalet har kome med innspel om.

Innbyggjarundersøkinga 2017 vart gjennomført som ei intervjuundersøking på telefon til eit utval på 300 personar over 18 år busett i Aukra. Denne viser at innbyggjarane er mest fornøgd med barnehage tilbudet, grunnskole og renovasjon. Dei tilboda som skorar dårlegast

var byggesaksbehandling, næringsutvikling og kommunalt kulturtilbod.

I kommunebarometeret 2018 ligg barnehage på 406. plass, Grunnskole på 30. plass, og helse og omsorg på 255. plass. Ein må rekne med at helse og omsorg vil stige godt på barometeret etter at det nye omsorgsenteret vart tatt i bruk i 2018.

Plan- og styringssystem herunder kvalitetssystem, internkontrollsystem, avvikshandtering

I kontrollutvalet sitt møte så kom det eit innspel frå utvalet at saksframlegget burde ha med ei vurdering knytt til personalleiing.

Dette er ikkje teke med i den overordna analysa, men sekretariatet vurderer at det kan kome inn under internkontrollsystem. Kontrollutvalet har i denne perioden arbeid særskilt med oppfølging av Arbeidsmiljøutvalet og institusjonstenesta. Problemstillingar har mellom anna vore knytt personalleiing. Det har også kome innspel om at dette også er ei aktuell problemstilling knytt til skolane.

I ein organisasjon så har leiarane viktige oppgåver knytt til oppfølging av personale; dette gjeld mellom anna kompetanse utvikling og kompetanse utnytting, sjukefråværsoppfølging og internkontroll.

Sjukefråværet i Aukra kommune var i 2017 på 8,1 %, men det variere ein del frå eining til eining. Nøke einingar ha hatt svært positiv utvikling den sist tida.

Det landsomfattande registeret over forvaltningsrevisjonar visar at det ikkje har vore gjennomført noko særleg med undersøkingar knytt til dette temaet. Sekretariatet har likevel prøvd å konkretisere nokre problemstillingar som kan vere aktuelle.

Problemstillingar i eit slikt prosjekt kan vere:

- Har Aukra kommune tilrettelagt for god administrativ leiing
- Arbeider kommunen systematisk med oppfølging og forebygging av sjukefråvær?
- Vert det arbeidd systematisk med kompetanseutvikling og rekrutering?

Oppfølging av etiske retningslinjer

Revisjonen har også sett opp dette området som eit av dei tema som er særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon på i Aukra kommune. Revisjonen skriv i plan for forvaltningsrevisjon følgjande: «*Økonomiske misligheter omfatter alt fra korrupsjon, regnskapsmanipulasjon, underslag, urettmessige belastninger av private utgifter etc. Begrepet misligheter er ikke et rettslig begrep, men benyttes i revisjonen som en fellesbetegnelse for tilsiktede handlinger som er utført for å oppnå en fordel for seg selv eller andre. I den norske straffeloven er **korrupsjon** definert som å kreve, motta eller aksepterer et tilbud om en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag. Etiske retningslinjer gir gjerne føringer knyttet til disse forholdene.*

Aukra kommunestyre vedtok i kommunestyre 17.4.2018 Etiske retningslinjer for Aukra kommune 2018-2022.

Aktuelle problemstillingar innafor eit slikt prosjekt kan vere

- Korleis vert etiske retningslinjer etterlevd av administrasjon og folkevalde?
- Korleis vert brot på retningslinjene varsla og følgt opp?
- Er det etablert arenaer for etisk refleksjon?

Barn og unge – Her under barnehageområdet

Revisjonen skriv i overordna analyse 2016-2019 følgjande; *KOSTRA-tall viser at Aukra kommune har en mindre andel ansatte med førskole-lærerutdanning og andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærer-utdanning enn landet uten Oslo. Andel ansatte med annen pedagogisk utdanning er noe lavere enn sammenligningsgruppene.»*

I kommunebarometeret 2018 ligg barnehage som tidlegare skrive på 406. plass, medan innbyggjarane som er spurde i innbyjarundersøkinga er godt fornøgd med tenestene.

Aktuelle problemstillingar for eit prosjekt som ser nærare på barnehageområdet kan vere:

- Kvalitet i barnehagane i Aukra kommune, med fokus på følgjande områder:
 - a) Leiing og organisering
 - b) Rekruttering og kompetanseutvikling
 - c) Tidleg innsats, og oppfølging av barn med særskilte behov
 - d) Samarbeid med heimen

Skole. Dette området er ikkje framheva som eit risikoområde i den overordna analysa, men utvalet hadde eit ønske om at dette området også vart belyst i saksframlegget.

I kommunebarometeret for 2018, så ligg Aukra kommune 30. plass på grunnskoleområdet.

Kommunestyret får årleg framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra kommune.

Denne rapporten har også kontrollutvalet blitt orientert om.

Kommunen hadde i 2016 eit tilsyn på elevane sitt utbytte av opplæringa. Dette tilsynet avdekkja nokre avvik. Pedagogisk rådgjevar opplyste til utvalet om oppfølging av tilsynet, at det er blitt utarbeidd malar for dokumenta som skal lagast. Vidare vert det årleg gjennomført ei analyse av anonymiserte spesialundervisningssaker for å vurdere om målsetjingane som er satt for opplæring er gode og for å vurdere læringsutbytte. Pedagogisk rådgjevar opplyser at dei har fått på plass det som vart avdekt i tilsynet.

Kontrollutvalet har uttrykt at dei er opptatt at det må arbeidast aktivt for å forhindre mobbing. Det har også komme endringar i opplæringslova knytt til dette området. Mellom anna er det lovfesta kva skolane skal gjere når barn blir mobba.

Mobbing og elevane sitt psykososiale læringsmiljø er difor eit aktuelt tema. Aktuelle problemstillingar kan då vere:

Aktuelle problemstillingar for eit slikt prosjekt kan vere:

- Har Aukra kommune system for å fange opp og følge opp saker som gjelder elevane sitt skolemiljø?
- Samarbeid med heimen knytt til det psykososiale arbeidsmiljøet.

Psykisatri og rus

Revisjonen skriv følgjande i overordna analyse; «*Det opplyses i årsrapport 2015 at Psykisk helse- og rusomsorg er styrket med en stilling i 2015. Det opplyses vidare at klinisk tverrfaglig team kom i drift fra desember. Teamet skal skape et faglig godt og helhetlig tjenestetilbud. Det ble i 2015 gjennomført et arbeid med utarbeidelse av oppdatert og samlende plan for rus og psykiatri.* Revisjonen peikar då særleg på oppfølging av planen, som aktuelt å følgje opp. Helsetilsynet (fylkesmannen) har det siste året gjennomført tilsyn i fleire kommunar i Møre og Romsdal knytt til om kommunen legg til rette for og følgjer opp at vaksne personar over 18 år med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning (ROP-pasientar) får individuelt tilpassa, samordna og forsvarlege helse- og omsorgstenester og sosiale tenester.

Det som kan tale mot å velje eit slikt prosjekt er at fylkesmannen ikkje ha valt ut Aukra i si risikovurdering, og at fylkesmannen har arrangert ei erfaringskonferanse der kommunane har vore invitert til å hauste erfaringar frå dei tilsyna som er gjennomført. Kommunen har soleis fått eit verktøy til å få til gode tenester på området.

Det kan hende kontrollutvalet kan følgje opp dette området ved å be om orientering frå rådmannen, framfor å bestille ein forvaltningsrevisjon. Ved ein forvaltningsrevisjon så kan aktuelle problemstillingar vere:

- Kartlegg kommunen brukarane sin heilskaplege situasjon og sikrar at brukarane får naudsynt hjelp?
- Får brukarane heilskaplege og koordinerte teester?

- Får brukarane medverke ved utforming av tenestetilbodet?

OPPSUMMERING

Etter revisjonsstandarden som vert nytta for forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det i starten av prosjektet utarbeidast eit utkast til prosjektplan, som skal danne grunnlaget for gjennomføringa av prosjektet. Kontrollutvalet sine drøftingar vil danne grunnlag for revisor sin utarbeiding av prosjektplan. Revisjonen vil i prosjektplanen gjere presiseringar og avgrensingar i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gir sekretariatet fullmakt til å følgje opp prosjektet på vegne av utvalet undervegs i prosessen. Prosjektrapport vert levert kontrollutvalet sitt sekretariat i tråd med prosjektplan.

Saka vert lagt fram for kontrollutvalet utan sekretariatet si tilråding om val av prosjekt, då dette vil vere opp til kontrollutvalet å prioritere i møte.

Jane Anita Aspen
daglig leder



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1547/06
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 3.12.2018

Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|----------------------|-----------------|-----------------|
| PS 37/18 | Kontrollutvalet | 10.12.2018 |

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 2.10.2018.

I dette møtet er det ikkje lagt opp til orienteringar frå kommunen sin administrasjon knytt til saker på oppfølgingslista.

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

SAKSOPPFØLGING

(å jour pr. 2.10.2018)

| Saker som er tatt opp: | Merknad: | Status: |
|---|--|--|
| <p>27.02.14 Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p> | <p>27.02.14: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. 01.07.14: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. 02.10.14: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. 23.04.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 11.06.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 18.09.15: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. 17.02.16: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp. 25.04.16: Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt. 20.11.17: Rådmannen har i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan lagt inn at reglementet skal reviderast innan mars 2018. 08.05.18: Rådmannen opplyser at arbeidet er forseinka, men at reglementet truleg kjem</p> |

| | | |
|--|---|--|
| | | <p>opp til handsaming i kommunestyre i juni eller over sommaren.</p> <p>14.06.18: Kontrollutvalet forventar at det føreligg eit revidert økonomireglement til kontrollutvalsmøte i oktober.</p> <p>02.10.18: Det vart frå økonomisjef og rådmann opplyst at det vert arbeidd med å få ferdig økonomireglementet til desember/januar.</p> |
| <p>25.02.15 Oppfølging av politiske vedtak Ansvar: Adm.</p> | <p>Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.</p> | <p>25.02.15: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.</p> <p>23.04.15: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.</p> <p>11.06.15: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.</p> <p>18.09.15: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.</p> <p>09.06.16: Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.</p> <p>15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.</p> <p>03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte.</p> <p>14.06.17: Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.</p> <p>27.09.17: Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med</p> |

| | | |
|--|--|---|
| | | <p>statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.</p> <p>20.11.17: Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.</p> <p>15.02.18: Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka. Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgd opp i same møte som tertialrapportane.</p> <p>15.03.18: Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgd opp. Det er også ønskjeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.</p> <p>08.05.18: Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.</p> |
| <p>14.06.17 Arbeidsmiljøutvalet (AMU) Ansvar: Adm./sekr./</p> | <p>Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.</p> | <p>14.06.17: Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.</p> <p>27.09.17: Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på</p> |

| | | |
|--|--|--|
| | | <p>AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p>20.11.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p>15.02.18: Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar.</p> |
| <p>14.06.17</p> <p>Barnevernstenester</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.</p> <p>Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p> | <p>14.06.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.</p> <p>27.09.17: Utvalet fekk ei statusoppdatering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17.</p> <p>08.05.18: Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala som viser at Aukra ligg dårlegare ann enn vertskommunen. Rådmannen vil gje tilbakemelding til utvalet etter statusmøte.</p> <p>14.06.18: Rådmannen gav utvalet tilbakemelding etter statusmøte med barnevernstenesta. Ho seier ho er trygg på at dei jobbar systematisk, og ser ikkje grunn til uro. Rådmannen vil følgje med på utviklinga. Ho er litt bekymra for den organisasjonsendringa som er venta (Eide ut/Vestnes inn), då slike endringar alltid medfører risiko.</p> |
| <p>15.02.18</p> <p>Grunnskoleområdet</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.</p> | <p>08.05.18: Tilstandsrapporten er no klar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste møte. Rådmannen informerer om at ho for neste år ønskjer å legge fram ein tilstandsrapport for heile oppvekstområdet.</p> <p>14.06.18: Utvalet fekk framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017 og pedagogisk rådgjevar orienterte jf. OS 06/18.</p> |
| <p>15.02.18</p> <p>Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til</p> | <p>15.02.18: Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen.</p> <p>08.05.18: Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane.</p> |

| | | |
|---|---|---|
| | <p>pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerreteighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.</p> | <p>14.06.18: Nestleiar hadde fått eit eksemplar av ei brosjyre «Aukra omsorgssenter», brosjyra vert arkivert i kontrollutvalet sitt arkiv.</p> <p>02.10.18: Kontrollutvalet drøfta i dagens møte sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet.</p> |
| <p>15.02.18</p> <p>Informasjonssikkerheit</p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18</p> | <p>15.02.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18,</p> <p>08.05.18: Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018.</p> |



Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|---------------|-----------------|------------|
| PS 38/18 | Kontrollutvalet | 10.12.2018 |

DELTA TIL PÅ KONTROLLUTVALSKONFERANSAR I 2019

Sekretariatet si tilråding

Bakgrunn for saka

NKRF sin kontrollutvalskonferanse i januar/februar og FKT sin fagkonferanse i mai/juni, er viktige møteplassar for kontrollutvala i Noreg. Føremålet med konferansane er bl.a. at utvala skal kunne ha ein fast møteplass kor felles tema og problemstillingar kan diskuterast, samt at deltaking på konferansar utgjer ein vesentleg del av naudsynt opplæring av kontrollutvalsmedlemmer.

NKRF arrangerer årleg ein konferanse spesielt retta mot landet sine kontrollutval. Tidlegare konferansar har fått gode tilbakemeldingar, deltakarane har gitt uttrykk for at det har vore sentrale tema og gode forelesarar.

Konferansen vert avvikla på Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen 30. og 31. januar 2019 med påmeldingsfrist 18. desember 2018. Deltakaravgifta for denne konferansen er fastsett til kr 6 700.- pr. person, som inkl. overnatting med full pensjon.

I programmet går det fram at Tolga-saka, boligbygg-saka i Oslo, ny kommunelov og forskrifter, og personvern/GDPR, blir nokre tema som vil bli sentrale.

Den andre konferansen som er spesielt retta mot kontrollutvala er FKT sin fagkonferanse og årsmøte 2019, som skal avviklast i Kristiansand, 4.-5. juni 2019. Programmet for denne konferansen er ikkje klart, men det er opplyst at to tema vil bli; «*kontrollutvalets betydning for lokaldemokratiet og Ethiske perspektiver – kan de veilede kontrollutvalget?*» Prisen for tilsvarande konferanse i 2018 var 6 500 pr. person som inkl. overnatting med full pensjon. Tidlegare års fagkonferansar har hatt eit fagleg bra innhald. Fagkonferansen har hatt langt færre deltakarar enn NKRF sin kontrollutvalgskonferanse, den kan difor kanskje verke meir oversiktleg for deltakarane.

VURDERING

I kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn er det budsjettert med kr 35 000,- til opplæring og kursavgifter, slik at 4 medlemmer fra kontrollutvalet i Aukra kan delta på konferansane (2+2).

Dersom kontrollutvalget vel at nokon skal delta på konferansane, så er det ønskeleg at representant(ar) på konferansen i etterkant gir et kortfatta referat til resten av utvalet.

Dersom det er aktuelt å melde nokon på NKRF sin konferanse 30.-31. januar, så er det viktig at kontrollutvalsmedlemmene i forkant av møtet avklarar om dei har høve til å kunne delta. Dersom utvalet ønskjer å vere representert på FKT sin fagkonferanse 4.-5. juni, så har utvalet lenger tid på avklare kven som deltar.

Jane Anita Aspen
daglig leder

NKRFS

Kontrollutvalgskonferanse

30-31 januar 2019

The Qube – Clarion Hotel & Congress Oslo Airport

Hovedtemaer:

Tolga-saken ⋮

Ny kommunelov ⋮

Bruk av offentlige midler ⋮

Boligbygg-saken ⋮

Personvern ⋮

Målgruppe

Ledere/medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, rådmenn og andre som er interessert i tilsyn og kontroll i kommunesektoren

#ku19nkrf



09.00

Registrering og kaffe + noe å bite i

10.00

Velkommen

► Daglig leder Rune Tokle, NKRF og møteleder Anne Grosvold

10.10

Åpning

► Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland (H)

10.40

Slik jobbet VG med Tolgasaken

► Mona Grevi Norman, Maria Mikkelsen og Frank Haugsbø, VG

11.30

Pause / utstilling

11.50

“Tolga med TÆL – rydder med TRÆL” Arbeid med internkontroll

► Marit Gilleberg (A), leder av kontrollutvalget i Tolga kommune

12.30

Lunsj

13.30

Kommunal egenkontroll i samspill med statlige tilsyn

► Rune Fjeld, assisterende fylkesmann i Hordaland

14.15

Pause / utstilling

14.35

Den nye kommuneloven og forskriftene – konsekvenser for kontrollutvalgene

► Erlend Aamodt, utredningsleder i Kommunal- og moderniseringsdepartementet

15.30

Pause / utstilling

15.50

Samtale om bruk av offentlige midler

► Anne Grosvold

► Henning Carr Ekroll, forfatter av boka «Skattepengene som forsvant» og nyhetssjef i Aftenposten

► Vegard Venli, journalist i NRK

17.00

19.30

Middag



— på vakt for fellesskapets verdier

09.00

Slik avdekket Dagens Næringsliv Boligbygg-skandalen

▶ Kjetil Sæter og Knut Gjernes, Dagens Næringsliv



KJETIL SÆTER

10.00

Pause / utstilling



KNUT GJERNES

10.20

Boligbygg-saken – kontrollutvalgets rolle

▶ Ola Kvisgaard (H), leder av kontrollutvalget i Oslo kommune



OLA KVISGAARD

11.20

Pause / utstilling

11.40

Personvern i kommune-Norge

▶ Camilla Nervik, fagdirektør i Datatilsynet



CAMILLA NERVIK

12.20

Medias rolle i den kommunale egenkontrollen – medspillere eller motspillere?


▶ Tone Sofie Aglen, politisk redaktør i Adresseavisen



TONE SOFIE AGLÉN

13.00

Lunsj





NKRFs

Kontrollutvalgskonferanse

30-31 januar 2019

Påmelding

- Påmeldingsfrist: 18. desember 2018.
- Bindende påmelding skal skje via NKRFs nettsider.
- Faktura vil bli tilsendt etter påmeldingsfristens utløp.
- Det tas forbehold om endringer i programmet.

Konferansepriser*

- Kr 6 700 eks. mva. med overnatting (ikke-medlemmer: Kr 7 100)
- Kr 5 040 eks. mva. uten overnatting (ikke-medlemmer: Kr 5 440)
- Kr 1 062 eks. mva. for overnatting m/frokost fra 29. til 30. januar 2019

*) Deltakere fra kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner hvor sekretærtjenesten ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.

Avbestillingsbetingelser

- Avbestilling må skje skriftlig.
- Det vil ved avbestillinger etter påmeldingsfristens utløp kreves et gebyr på kr 500 til dekning av administrasjonsutgifter. Ved avbestilling senere enn en uke før konferansestart belastes 50 % av konferanseavgiften.
- Avbestilling ved legitimert sykdom behandles særskilt.
- Avmelding på konferansedagen, eller ev. uteblivelse, medfører full konferanseavgift.
- Ved hotellreservasjon kommer i tillegg ev. ansvaret overfor hotellet.
- Deltakelse kan ved behov overføres til en annen kollega.

Konferansested

The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Forhåndsgodkjenning

11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning.



Norges Kommunerevisorforbund
 Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo
 Telefon 23 23 97 00, post@nkrf.no, www.nkrf.no
www.facebook.com/nkrf.no
www.twitter.com/nkrf

Velkommen på konferanse!



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1547/06
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 3.12.2018

Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|----------------------|-----------------|-----------------|
| PS 39/18 | Kontrollutvalet | 10.12.2018 |

EVENTUELT

Fastsetjing av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2019

Kontrollutvalet sin møteplan for eit helt år vert normalt fastsett av utvalet i det første møte i nytt år.

Det kan vere formålstenleg at dato for kontrollutvalet sitt første møte i nytt år vert avtalt i det siste møtet i inneverande år.

Sekretariatet har ikkje sett framlagt framlegg til møteplan for politiske møter i 2019 i Aukra kommune enno. Sekretæren vil kome med framlegg om **måndag 25. februar** som dato for utvalet sitt første møte i 2019. Ein må her ta atterhald om at datoen ikkje vil kome i konflikt med kommunen sin dato for politiske møter i same periode.

Erfaring frå opplæringssamling 7.11.2018

Det vert gjeve ei kort oppsummering frå opplæringsdagen med hovudtema habilitet, som var arrangert for kontrollutvalsmedlemmer og varamedlemmer.